

Eit interkommunalt samarbeidsorgan for kommunane Giske, Fjord, Stranda, Sula, Vestnes, Ålesund, Ulstein, Ørsta og Volda.

Møtebok-

Ekstra styremøte 02.07.2020

Styremøtet vart halde digitalt på teams. Innkalling vart sendt ut den 23.06. og saklista den 29.06.2020.

Frammøte frå styret: 12 av 13 møtte.

Tidl. Haram: Vebjørn Krogsæter
Tidl. Skodje: Modolf Hareide
Tidl. Ørskog: Forfall (Janet Roelofs)
Tidl. gamle Ålesund: Jarle Hauge Steffensen
Tidl. Norddal: Solveig Linge Stakkestad
Tidl. Stordal: Eva Hove (til kl. 17.50)
Giske: Birger Honningsvåg
Sula: Trygve Holm
Stranda: Jostein Dalen
Ulstein: Knut Erik Engh
Vestnes: Skafti Ingi Helgason
Volda: Tollak Mikal Kaldheim
Ørsta: Karen Høydal

Andre frammøtte: Anne Berit Støyva Emblem, dagleg leiar
May Britt Haukås, rådgjevar

Møtet vart sett klokka 16.

Saker:

Godkjenning av innkalling og sakliste:

Samrøystes vedtak:

Innkalling og sakliste vart godkjent.

Sak 10/2020: Godkjenning av møtebok frå styremøtet den 27.05.2020

Samrøystes vedtak:

Møteboka frå styremøtet den 27.05.2020 vert godkjent.

Sak 28/2020: Orienteringar

Dagleg leiar og May Britt Haukås ga munnleg orientering om følgjande dagsaktuelle saker:

- Nyleg tildelte midlar og avslag:
 - Sysselsettingstiltak i Møre og Romsdal - produksjon av sykkelstativ: tildelt 675.000,- frå Miljødirektoratet via FL. Arbeidet skal gjennomførast i haust.
 - Skisseprosjekt Hundsvær-Tyskholmen - tildelt 50.000,-. Bestilling av skisseprosjektet vert sendt ut før sommaren. Friluftsrådet samarbeider med Ålesund kommune om saka,
 - Flytting toalett Blimsanden - tildelt 15.000,-. Vert gjennomført veke 30.
 - Forsikringsmidlar Bru Overøye Stordalen er tilkjent og restaureringsarbeidet er i gang.
 - Tilbakebetaling midlar til Liljedalsbrua til fylkeskommunen etter avtale med Ålesund kommune.
- Nye forvaltningsplanar skal ligge til grunn for søknader om tilskot til tiltak i statleg sikra friluftslivsområde (kap. 1420, post 78) i søknadsrunden 2021 skal sendast MRFK innan 15.11. for godkjenning.
- Koronastengde toalett i friluftsområda våre er gjenopna dei siste vekene (unntaket Blimsanden fordi bygget skal flyttast jf. tildelte midlar omtalt over)
- Fullteikna friluftsskular er vel gjennomførte i veke 26 – 27 fire stader: Volda, Sula og Ålesund v/Stafsetneset og Murvika. Smittvernomsyn vart ivareteke.
- Status StikkUT!: Framleis svært stor auke i registrerte deltakarar og tal turar som no passerer 400.000 i fylket.
- Planlegginga av leikepatruljen for hausten 2020 er i rute, invitasjon vert sendt alle skulane i starten av august. Skulane i Sula er pilot for programmet.
- Det er gjennomført fleire møter dei siste vekene, mellom anna: Volda kommune v/ordførar og folkehelsekoord., planleggingsmøte Sukkertoppen/Ålesund kommune, møte med Svartløkenrådet, Sykkylven kommune besøk av Skjergardstenesta, Fjord kommune aksjon marin forsøpling.
- Sande kommune har teke kontakt for å førebu sak til k.styret om innmelding.

Samrøystes vedtak:

Styret tek orienteringane til vitande.

Sak 29/2020: Årsmøtet til Sunnmøre friluftsråd 2020 vert gjennomført 19. august

Samrøystes vedtak:

Styret vedtek at ny dato for årsmøte er 19. august kl. 18 med oppmøte kl. 17 for synfaring i Ørsta slik oppdatert program og saksliste viser. Program og saksliste vert tilsvarande det opprinnelege årsmøte 18. mars med nokre få oppdateringar.

Sak 30/2020: Samarbeidsavtale for kommunalt oppgåvefelleskap

Samrøystes vedtak:

Styret tilrår forslaget til samarbeidsavtale med dei tilpassingar av teksten som kom fram i styremøtet. Oppdatert avtale vert sendt til årsmøtet.

Sak 31/2020: Søknad om ulønna permisjon i inntil 20% for skuleåret 20/21 og 21/22

Samrøystes vedtak:

Styret godkjenner at tilsett Christer Lundberg Nes kan ta ut inntil 20% ulønna permisjon for skuleåret 20/21 og 21/22 for å gjennomføre deltidstudie i praktisk pedagogikk.

Sak 32/2020: Ymse

Følgande saker kom opp:

- Styremøte som er planlagt 15. september vert flytta til månadsskiftet september/oktober grunna kort tid etter at årsmøtet er gjennomført, og at dagleg leiar skal på tilsettsamling i regi av FL denne dato.
- Toalettsituasjonen på Hellesyltsida av turstien Ljøbrekka er prekær. Statens vegvesen sitt toalett på utkikkspunktet Ljøen er koronastengt. Friluftsrådet har ikkje høve til å bygge eige toalett, men vil kontakte Statens vegvesen om saka.
- For å utvikle Svartløken som friluftsområde er det behov for at Vestnes kommune utarbeider planen for kartlegging og verdisetting av friluftsområder. Friluftsrådet rettar ny førespurnad til Vestnes kommune om dette, og ber Svartløksrådet sende ein e-post om behovet.
- Naustet på Eikrem i Sula er ikkje lenger disponibel for friluftsrådet fordi Sula kommune ønsker å nytte naustet til Sportsbibliotek for gratis utlån av turutstyr til barn og ungdom. Friluftsrådet finn anna lagerplass, og har også gjort avtale med nye brukarar av naustet om tilsyn av toalettet like ved.

Samrøystes vedtak:

Dagleg leiar/administrasjonen i friluftsrådet følger opp sakene som er omtalt over.

Møtet var slutt ca. klokka 18.00

Referent Anne Berit Støyva Emblem - dagleg leiar